Hei alle sammen og Godt Nytt År.

Me på sommarfuglgruppa er i full gang med året. Det var til stooor glede for barna at me endelig skulle starte med skuleaktiviteter. Dei har fått bøker som dei har skreve og teikna i. Dei får og ulike oppgåveark som dei jobbar på og limer inn i boka. ( Spør ungen din om å få sjå skuleboka, så er dei nok veldig ivrige etter å få visa kva dei har jobba med). Me er opptatte av at det skal vera slik at dei kjenner meistring rundt oppgåvene.
Oppgåvene er henta i frå ulike aktivitetsbøker av typen: finn 5 feil, finna vegen gjennom labyrint, og litt tall-oppgåver. Inni mellom oppgåvene har me friminutt, det er viktig har dei sagt;) Nokon er ivrige og jobbar masse, mens andre er ikkje så interesserte, så me prøver å tilpasse. For dette skal kun vere på gøy. Det var nokon som etterlyste gym, så sist fredag hadde me det. Dei har og eit stort ønske om å laga muffins, så i dag tar me «mat og helse»☺. Så som dåke skjønner prøver me å variere og tilpasse alle.

Fagområdet i januar har vert: Natur, miljø og teknikk. Me har jo hatt god anledning til å snakke om veret. Stormen Nina gav oss mykje å snakka om og sjå på. Me har og vert å kjent på vinden og sett på bølgjene som slår innover kyrkjeberget. Nokon var og ein tur til Ådlandvatnet og såg at der var det frose til is. Me har prøvd oss litt på ulike kjemioppgåver, favoritten er nok heimelaga vulkan og leik

med maizenamjøl. Me prøver og å få til eit besøk på SIM i løpet av januar/februar. Me har og hatt kjekke turar til Gullbergshola, biblioteket, Kattatveit og andre leikeplasser i nærområdet. Badedag må jo og nemnast som ein stor suksess i januar. Veldig kjekt med heilt ny opp-pussa baderom.

Me kommer til å sette i gang med barnesamtaler i løpet av februar og mars. Då tar me eit og eit barn med på møte. Det pleier vera stas, me snakkar då litt rundt forventningar til skulestart, kva dei liker og trivs med. Og om kva som ikkje er kjekt. Dette blir brukt til å lage mappene som me skal levera til skulen. Me har tidligare nemnt spel som er poppuler som de kan spele i lag med barna. Ein anna ting som de kan øve på før skulestart er å skrive namnet sitt og å holde blyanten rett i handa. Eit anna tips kan og vere å snakke med barnet om kvar bur me, kva tid har barnet bursdag, kven er bestefar faren til og andre liknande ting. Greitt å ta litt og litt før skulestart.

Me har og fått ein ny deltakar på gruppa, Camillla H. Ho var med sommarfuglgruppa i fjor, og er no tilbake hos oss. Så for barna er ho ikkje eit nytt fjes.

Me har og allereie feira den første 6 års dagen. Hipp Hurra for Brage☺

Mvh Camilla, Said, Anita, Kari og Sissel













